



Til Kommunestyret

NOTAT MED UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL FRÅ KONTROLLUTVALET SITT MØTE 15.05.17.

Under referatsaker / «utvalet sitt kvarter» i møte 15.05.17, vart det teke opp spørsmålstillinger om habilitet. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å oversende dette til kommunestyret.

Følgjande er ført i møteprotokollen:

«Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.05.2017

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått:

Under «Utvalet sitt kvarter» tok utvalsleiar opp to spørsmålstillinger vedr. saker der det har vore reist habilitetsspørsmål i siste kommunestyremøte. Følgjande spørsmålstillinger vart stilt:

1. Om habilitet i forbindelse med ein interpellasjon ang deling av 1.klasse.
 - o I interpellasjonen vart det sett fram forslag til vedtak som går på at delingstalet for 1.-4.klasse skal være 19. 3 av representantane reiste spørsmål om dei er inhabile då dei har barn eller barnebarn som skal begynne på skulen til hausten.
 - o Kan desse 3 kommunestyrerrepresentantene være inhabile når det er snakk om eit generelt vedtak ? Dette vedtaket vil gjelde for fleire år framover. Vil då alle som får barn eller barnebarn i 1.-4. klasse være inhabile ?
 - o Kva med ansatte i skulen ?
2. Om habilitet i forbindelse med ein interpellasjon ang. påkobling til kommunalt vatn.
 - o 4 husstander har klaga på påkobling til kommunalt vatn fordi dei meiner dei får urimelig høge utgifter. Med bakgrunn i dette er det skreie ein interpellasjonen som går på å lage retningslinjer for maksbeløp på utgifter til påkobling til offentlig vatn.
 - o I den samanheng er det trekt fram 4 husstander som har fått krav om påkobling. Spørsmålet går på om 2 representanter, som kjem frå dei 4 husstandane, er habile eller ikkje.
 - o Er desse to kommunestyrerrepresentantene, som åpenbart vil ha økonomisk interesse av eit slikt vedtak, inhabile når saka om retningslinjer skal behandles på eit generelt grunnlag ?
 - o Kva med kommunestyrerrepresentantar som må forvente tvungen påkobling på eit seinare tidspunkt?

Kontrollutvalet ønsker at desse spørsmålstillingane vert oversendt kommunestyret for vurdering i den vidare sakhandsaminga. Samråystes vedteke.

Vedtak:

Spørsmålstillingane vert oversendt kommunestyret.»

Ber om at dette notatet vert lagt fram for kommunestyret på det neste møtet som melding / referatsak.

Bergen 18.05.17

Kari Nygard
seniorrådgjevar / sekretær for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Fra: Kari Marie Nygard
Sendt: 18.05.2017
Til: Postmottak; Knut Harald Frøland; Marianne Soleng
Kopi: Hilde-Lill Våge; Jan Erik Boge; kgasemyr@deloitte.no; lmjohansen@deloitte.no; Birte Bjørkelo; 'an-geta@online.no'; Anne Gerd Tandstad [FV-iPad]; Brigt Olav Gåsdal; Brigt Olav Gåsdal [FV-iPad]; Vibeke Bohre Våge [FV-iPad]; Svein Verner Røseth [FV-iPad]; Svein Verner Røseth; Øystein Foss [FV-iPad]; Foss Øystein; Hogne Haktorson
Emne: Notat vedr. spørsmålstillinger om habilitet til kommunestyret frå kontrollutvalet

Fra: Kari Marie Nygard <kari.nygard@hfk.no>
Sendt: torsdag 18. mai 2017 13:13
Til: Postmottak; Knut Harald Frøland; Marianne Soleng
Kopi: Hilde-Lill Våge; Jan Erik Boge; kgasemyr@deloitte.no; lmjohansen@deloitte.no; Birte Bjørkelo; 'an-geta@online.no'; Anne Gerd Tandstad [FV-iPad]; Brigt Olav Gåsdal; Brigt Olav Gåsdal [FV-iPad]; Vibeke Bohre Våge [FV-iPad]; Svein Verner Røseth [FV-iPad]; Svein Verner Røseth; Øystein Foss [FV-iPad]; Foss Øystein; Hogne Haktorson
Emne: Notat vedr. spørsmålstillinger om habilitet til kommunestyret frå kontrollutvalet
Vedlegg: Notat til kommunestyret om habilitet.pdf

Vedlagt følgjer notat som inneholder utskrift av møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.05.17.
Notatet inneholder spørsmålstillinger vedr. habilitet. Ber om at notatet vert lagt fram for kommunestyret på neste møte som melding / referat.

Med helsing

Kari Nygard
Seniorrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 06 | Mob: 916 64 183

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.